



Notat

Dato: 27.11.2015
Arkivsak: 2014/577-44
Saksbehandlar: ireolse

Til:	Vidar Kloster
Frå:	Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02110 - Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribygging og varmeanlegg

Rekneskap: 65 906,25 Budsjett: 250 000,-

Fuv 32/09 – løyving kr 250 000,-

Utdrag frå saka:

«Ved Hjeltnes gartnarskule i avdeling "Planteskulen" føregår undervisninga i det opprinnelege gartneribygget, oppført i 1953. Denne bygningen er i så dårleg stand at den bør erstattast med eit nytt bygg, på same fundament.

Vidare er Gartneria ved skulen i dag varma opp med olje- og elektrokjellar i 2 separate fyrsentralar. Kjellane i begge fyrsentralane er i dårleg stand og bør oppgraderast. I samband med dette arbeidet bør det vurderast ein fyrsentral i nedre gartneri som også varmar opp det andre gartneriet og nokre bygg for maskinelt utstyr, via fjernvarmeledning. Ei slik løysing fører til at eine fyrsentralen kan sanerast vekk.

I samband med eit slikt prosjekt bør det også vurderast alternativ til dagens elektro- og oljekjellar. Av alternative løysingar kan nemnast biobrenselanlegg eller varmpumper som hentar ut energi frå lufta eller frå sjøen.

For å få fram kostnader og alternative løysingar bør det utarbeidast eit forprosjekt. Ein rår til at det vert løyvd 0,25 million kroner til dette. Kostnaden på 0,25 mill. kroner er basert på kalkyle.»

Kommentar:

Etter at prosjektet var starta opp vart det vedtatt oppstart av arbeid med skulebruksplan. Vidare framdrift i prosjektet vart stoppa i påvente av avklaringar i skulebruksplan, og seinare også fordi ein avventa konklusjonar frå mulighetsstudien som vart vedtatt.

Det er no gått så lang tid sidan oppstart at ein, mellom anna med bakgrunn i rekneskapsforskrifter og rutiner knytt til investeringsprosjekt, ser det som naturleg at prosjektet vert avslutta med mindreforbruk, og at eventuell vidareføring vil krevja ny løyving.

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Irene Olsen
Spesialkonsulent